



Klima- og miljødepartementet  
Postboks 8013 Dep, 0030 Oslo

Geiranger/Aurland 07.05.2018

## SØKNAD

### **Forprosjekt: «Kulturlandbruk» som modell for bevaring og styrking av kulturlandskapet i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap**

På vegner av Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap (VAR) takkar vi for eit avklarande og svært konstruktivt møte i dykkar departement den 16. april d.å.

I møtet løfta VAR fram dei 2 sakene som rådet føler det er mest tidskritisk å finne gode og framtidretta løysingar på. I desse sakene har VAR full støtte både frå verdsarvstiftingane og verneområdestyra i Vestnorsk fjordlandskap. Dei 2 sakene er:

- **attgroing av det historiske kulturlandskapet**
- **forureining av luft og vatn på grunn av stor- og sterkt aukande turisttrafikk.**

Begge sakene representerer utfordringar som saman eller kvar for seg, kan forringe verdsarvverdiane våre vesentleg, og i verste fall truge verdsarvstatusen..

Under oppsummeringa av møtet, vart VAR invitert til å fremje ein søknad til KLD om støtte til eit forprosjekt som skal skissere tiltak med sikte på å ta vare på det historiske kulturlandskapet etter modell frå sveitsisk «kulturlandbruk». VAR meiner at eksisterande «Tiltaksplan», som vart innført i 2008, har vore eit heilt nødvendig verkty for å bremse nedlegging av gardsbruk og på den måten minke attgroinga. «Tiltaksplanen» har diverre aldri blitt fullfinansiert og heller ikkje prisjustert. Difor er landbruket i regelen og husdyrbruket i særleg grad i ferd med å forvitne i verdsarvområdet. Samtidig er «Tiltaksplanen» eit godt grunnlag å byggje vidare på.

Føremålet med eit forprosjekt er å identifisere og foreslå tiltak som kan utvide og forsterke gjeldande «Tiltaksplan» slik at den blir eit fullverdig verktøy i kampen mot krattet og ein økonomisk berekraftig driftsmodell. Samtidig skal forprosjektet òg foreslå tiltak med tanke på å sikre biologisk mangfald, ivaretaking av viktige kulturminne, opplevingsverdiar i landskapet og stimulere til styrking av jordbruk og fast busetjing. Stikkord for forprosjektet er «kulturlandbruk», der landskapspleie er eit hovudmål, som er sidestilt med produksjon av mat og fiber. Eit forskingsprosjekt (Storfjordprosjektet 2003) slår fast, at det berre er ved ei vidareføring av eit aktivt småskala landbruk basert på lønsamt husdyrhald, at det er muleg å redde det historiske kulturlandskapet. Dette er også erfaringane og konklusjonane til dei som har stått for forvaltninga av desse areala i den perioden tiltaksplanen har vore operativ.



Status i dag er at fleire og fleire bønder legg ned drifta og talet på husdyr minkar. Dette går fort, og rekrutteringa til bondeyrket i området er svært *urovekkande*. Difor haster det med ta grep. Tidlegare statssekretær i LMD, Ola T. Heggem, uttala så tidleg som i 2006 at «..*dagens norske landbrukspolitik* er ikkje eigna til å møte dei utfordringane som ein står overfor i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap». Dette fekk full støtte av eit panel av sentrale politikarar under ein kulturlandskapskonferanse i Geiranger i 2017. Der vart det uttalt at «.. *Vestnorsk fjordlandskap må få sin eigen landbrukspolitik*..»!

VAR har lenge peika på at «Tiltaksplanen» må forsterkast og vidareutviklast i retning av eit kulturlandbruk. I Sveits er *kulturlandbruket* etablert som eit eige politikkområde i fjellregionar der turismen er hovudnæring. Utfordringane og mogelegheitene er til forveksling dei same i våre UNESCO område. Samtidig eksisterer det ulikskapar som gjer det nødvendig med lokale tilpassingar. Difor vil VAR foreslå at det vert utvikla ein norsk pilot, der grunnprinsippa frå Sveits vert lagt til grunn for å tilpasse ein eigen jordbrukspolitik til verdsarvområdet.

VAR har alt vore i kontakt med fagmiljø (AgriAnalyse) som har spesialkompetanse på dette feltet. Dei kan tilby fagleg bistand til ei utgreiing av eit forprosjekt som igjen vil danne grunnlag for ein brei diskusjon om aktuelle handlingsalternativ.

Dersom omlegging til kulturlandbruk viser seg å vere ei berekraftig løysing, vil finansieringa bli ei sak for seg. Dette vert å kome tilbake til, men VAR meiner at saka har klar karakter av både næring (reiseliv), kultur, distriktpolitikk, miljø og landbruk. På dette grunnlag vil det truleg verte naudsynt med ei framtidig styrking av finansieringa av kulturlandbruket i Vestnorsk fjordlandskap, noko VAR vil kome attende til når konklusjonane i forprosjektet er klare.

### Prosjektorganisering og framdrift

Prosjekteigar: VAR

Arbeids- og ev. referansegruppe: VAR vil nemne opp arbeids- og referansegruppe med deltaking både frå byråkrati, næringsliv (landbruk og reiseliv) og frivillig sektor (kultur).

Dersom prosjektarbeidet vert starta opp hausten 2018, vil det vere realistisk å kome opp med ein ferdig prosjektrapport innan **1. april 2019**.

### Budsjett – og finansiering

Tenestekjøp fagmiljø	Kr 400 000
Studietur	Kr 150 000
Prosjektleiing	Kr 100 000
Adm. / møte / ymse	Kr 100 000
<b>SUM BUDSJETT</b>	<b>Kr 750 000</b>



## Finansieringsplan:

Søknad KLD	Kr 400 000
Søknad fylkeskommunane, fylkesmennene	Kr 150 000
Restfinansiering og eigeninnsats verdsarvstiftingane og kommunane	Kr 200 000
<b>SUM FINANSIERING</b>	<b>Kr 750 000</b>

På dette grunnlag søker VAR om kr. 400.000 i støtte til finansiering av forprosjektet «Kulturlandbruk i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap».

Stortinget har i St.melding nr. 35 (2012-2013) - Framtid med fotfeste uttalt: «*Norske verdensarvområder skal utvikles som fyrtårn for den beste praksisen innenfor natur- og kulturminneforvaltning*». VAR meiner at vi gjennom dette prosjektet medverkar til å oppfylle målsetjinga som Stortinget har sett.

Vi ser fram til ei positiv og rask handsaming av søknaden.

Med vennleg helsing

Arne Sandnes  
Leiar  
Verdsarvrådet

Hans Erik Ringkjøb  
Nestleiar  
Verdsarvrådet